



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Odd Ivar Kalland, 5764 3069

## Uttale til søknad om nydyrking - Alver 415/10 - Nordanger – felt 1

Vi viser til søknad om nydyrking på gbnr. 415/10 Nordanger, i Alver kommune. I samband med ny veg ønskjer fylkeskommunen å nytte overskotsmassar på eigedommen og deretter dyrke nytt areal til grasproduksjon og beite. Området er ei blanding av myr, innmarksbeite og jorddekt fastmark. Arealet er 48 dekar.

Ifølgje § 1 i forskrifta skal nydyrking gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

Fylkesmannen skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkinga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrking, og vi har følgjande merknader til det:

Om lag halvparten av dette arealet er myr, og dei aktuelle myrområda heng saman med større myrområde som ligg på naboeigedommane. Stortinget har gjort vedtak om endringar i jordlova som skal legge til rette for eit forbod mot nydyrking av myr (11.4.2019), men nydyrkingsforskrifta er ikkje endra enno. I ei slik fase vil det vere naturleg å vere restriktiv med å gje løyve til nydyrking av myr, i alle fall av større samanhengande myrområde.

Når kommunen skal vurdere saka etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, bør de vurdere om denne myra kan ha miljøverdiar knytt til seg. Vi har diverre ikkje ei fullstendig kartlegging av myrnaturtypar i Vestland, og areal kan ha verdiar knytt til seg sjølv om det ikkje er registrert i Naturbase, jmf. karakterisering av naturtypar (DN-handbok 13).

I nydyrkingsplanen er det tale om å tilføre betydelege massar på arealet. Kommunen må vurdere om tiltaket skal vurderast etter *forskrift om begrensing av forurensing kapittel 4 (forurensingsforskriften) og plan og bygningsloven (PBL)*.



Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
assisterende landbruksdirektør

Odd Ivar Kalland  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*